



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10238 - 22/30735

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
21.04.2022

Søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 120/1 Tyborgnes

Tiltak: Dispensasjon frå dele- og byggjeforbod i strandsona og arealformål.
Byggjestad: Gbnr 120/1
Tiltakshavar: Rune Tyborgnes
Ansvarleg sækjar: Advokat Torkjell Solbø

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå dele – og byggeforbodedet i strandsona, pbl § 1-8 og dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan for Lindås. Søknaden gjeld naustetomt oppgjeve til å vera omlag 90 m². Det er også søkt om frådelling av tomta og frådelling til uendra bruk av tomt rundt eksisterande hytte. Hytta er oppført i 1980.

Gbnr 120/1 er registrert med eit areal på om lag 730 daa i matrikkelen.

Søknaden er nabovarsla. Det er ikkje kome nabomerknader.

Det er 5 heimelshavarar til gbnr 120/1. Desse har gjeve advokat Torkjell Solbø og advokatfullmektig Silje Herheim Eriksen fullmakt til å sækje om frådelling.

Formålet med søknaden er slik vi forstår det ledd i arveoppgjer.

Planstatus

Tyborgnes er uregulert og avsett til LNF formål i kommunedelplan for Lindås.

Arealet ligg innanfor bygge- og deleforbodedet langs sjø etter pbl. § 1-8.

VURDERING

Dispensasjon


Det er søkt om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8. Og frå arealformålet i kommunedelplanen.

Søklar grunnjev dispensasjonssøknaden med mellom anna trong for tilkomst med eigen båt då noverande tauferge er i dårleg forfatning. Ein meiner også at ein dispensasjon vil påverke omsyna bak arealformålet minimalt då det kun er snakk om oppretting av ny grunneigedom og ikkje bygging. Omsynet bak bygge- og deleforbodet vert heller ikkje sett til side då ei frådeling ikkje vil medføre endingar i dagens situasjon. Ålmenta sin tilgang til sjøen vil ikkje verta endra då det kun er snakk om oppretting av ny grunneigedom.


Det vert vidare argumentert med at Tyborgnes ligg innanfor sone 3 i statlege retningslinjer for tiltak i strandsona. Her kan det vere grunnlag for bygging av t.d.. naust.

Etter kommunen sitt syn ligg Tyborgnes i sone 2 i dei statlege planretningslinjene.


Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 11.11.2021 for meir informasjon.



Frå situasjonskartet. Hyttetomt



Frå situasjonskartet. Naustetomt



Frå situasjonskartet. Oversiktsskart



Oversiktsskart



Ortofoto 2020. Naustetomt.

Det er ikkje dokumentert rett til parkering. Dette er tiltakshavar gjort merksam på og jobbar med å få på plass. Gbnr 120/1 har vegrett frå fylkesvegen og ned til sjøen der dei har tauferge over til Tyborgnes. Pr. i dag parkerer dei lang denne vegen.

Det ligg fleire nausterettar /-grunnar ved sida av der ein no søker om oppretting av ny naustetomt.

Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Landbruk
Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune

Postboks 4
Njøsavegen 2
Postboks 7900

5906 FREKHAUG
6863 LEIKANGER
5020 Bergen

